



Her stansa asfalteringa i fjor – snart skal den halda fram mot Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alle vegfarande kan glede seg: Med det første kjem det ny asfalt på riksvegen gjennom Uskedalen! Nærare bestemt gjeld det den 3,7 kilometer lang strekinga frå Kvednavikjo til brua. Det er det vegvesenet har råd til i år. I fjor vart det lagt ny asfalt frå Dimmelsvik til Kvednavikjo.

Denne sommaren får ni kilometer av riksvegen gjennom Kvinnherad og om lag det same på to fylkesvegparcellar ny asfalt. I tillegg har kommunen sitt asfalteringsprogram og i Uskedalen har dei lova ny og sterkt etterlengta asfalt i Halsabrotet.

Sist veke vart det lagt ny asfalt på fire kilometer riksveg mellom Utåker og Handeland. Eit parti gjennom Erslandsmarka skal vølast før det får nytt dekke. Ved Teigen blir det lagt 1.200 meter asfalt og deretter kjem turen til Uskedalen, melder innsida.no. Fylkesvegstrekingane som skal asfalterast er 1.000 meter frå Seimsfoss til Guddal og åtte kilometer frå Årvik til Hesvik.

Det er 77 kilometer riksveg i Kvinnherad og i tillegg kjem Folgefonntunnelen på vel 11 kilometer.